

# **STYREPROTOKOLL**

Onsdag **20. september 2023** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

<b>MØTESTAD:</b>	Tysvær rådhus, kantina
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 16.00 – kl. 18.20
<b>STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:</b>	Siv Bente Stople Østbø, Astri Furumo og Ernst Morgan Endresen
<b>VARAMEDLEM SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>FORFALL:</b>	Ingen
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie, deltok ikkje under handsaming av sak 20
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent
<b>SAKSLISTE:</b>	Godkjent

## **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

### **SAK 15/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 29.03.23**

#### **Styrehandsaming 20.09.23:**

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

#### **Samrøystes vedtak 20.09.23 i tråd med innstillinga:**

*Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 29.03.23 blir godkjent.*

### **SAK 16/23 REGNSKAPSRAPPORT PR. 31.08.23**

#### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.08.23 for HKS IKS til orientering.

#### **Styrehandsaming 20.09.23**

Styreleiar kommenterte rekneskapsrapporten. Aktiviteten og kostnadane var i forhold til budsjett, med unntak av pensjonskostandene og kostnadane til rekneskapsførar. Dagleg leiar viste til tilbakemelding frå KLP om auka pensjonskostnad og han orienterte om kravet om refusjon av betalt meirverdiavgift.

Styreleiar gjorde framlegg om ei tilføyning i forslaget til vedtak:

*Styret har merka seg at pensjonskostnadane har hatt ei auke på rundt 120 000 kr så langt i år, som følgje av auka løn- og prisvekst. Styret merkar seg også at kostnadane til rekneskapsføring har auka.*

Styret drøfta rapporten og slutta seg til leiar sitt forslag.

### **Samrøystes vedtak 20.09.23:**

*Styret tar regnskapsrapport pr. 31.08.23 for HKS IKS til orientering.*

*Styret har merka seg at pensjonskostnadane har hatt ei auke på rundt 120 000 kr så langt i år, som følgje av auka løn- og prisvekst. Styret merkar seg også at kostnadane til rekneskapsføring har auka.*

## **SAK 17/23 GODKJENNING AV AJOURFØRT SELSKAPSAVTALE – IKA IKS**

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

1. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatert eigarbrøk og kostnadsfordelingsmodell for IKA IKS, slik det går fram av vedlegg 1.
2. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS godkjenner oppdatering av selskapsavtalen § 5 og 14.3, slik det går fram av vedlegg 2.
3. Ajourført selskapsavtale ifølgje punkt 2 ovanfor gis verknad frå og med ny valperiode 2023 - 2027, og budsjettåret 2024.

### **Styrehandsaming 20.09.23**

Medlemmene drøfta saken og meinte at kostnadane etter den nye kostnadsfordelinga blir svært høge for sekretariatet. Styret hadde hausten 2022 kome med ei særskilt oppmoding til IKA om å ta omsyn til små kommunar og IKSer. Forslaget til ny eigarbrøk og tilskottsordning vil gi mottatt verknad for sekretariatet, nemleg at kostnadane vil auke betrakteleg.

Dagleg leiar fortalte frå møter i eigarskapsgruppa og frå møter med IKA i Stavanger og på kontoret i Aksdal.

Styret meinte det var særst viktig at selskapet såg på kost-nytte verdien av å vere medeigar i IKA. Medlemmene meinte sekretariatet hadde hatt og ville ha lite nytte av eigarskapet i lang tid framover. Deltakinga må også sjås i samanheng med anskaffing av saks- og arkivsystem.

Styret ønskte ikkje å instilla til representantskapet i denne saka no. Styret bad dagleg leiar undersøkje kva konsekvensar det vil få for sekretariatet om ein vel å si opp sin deltakelse i IKA IKS.

**Samrøystes vedtak 20.09.23:**

*Saka blir utsett.*

*Styret ber dagleg leiar undersøke til neste styremøte, konsekvensar og moglegheiter for å melde selskapet ut av Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS.*

**SAK 18/23 STATUSOVERSIKT PR. SEPTEMBER 2023****Styrehandsaming 20.09.23**

Dagleg leiar informerte om arbeidssituasjonen ved sekretariatet. Våren og sommaren hadde gått greitt. Det var framleis fokus på opplæring og kvalitetssikring av arbeidsoppgåvene til ny rådgjevar. Utvala i dei fleste kommunane hadde hatt sine siste møter for denne valperioden. Det vil bli fokus på opplæring av nye utval frå november.

Han orienterte også om faglege samlingar i Trondheim og Stavanger, og om arbeidssituasjonen på rådhuset.

Styreleiar orienterte om at selskapet hadde henta inn ein førebels pris for anskaffing av saks- og arkivsystem. Det vil vere ein høg eingongskostnad og årlege driftskostnadar. Dette må eventuelt innarbeidas i framtidige økonomiplanar. Eigarkommunane bør informerast særskilt om ei slik kostnadsauke i forkant av eit vedtak om innkjøp.

Styret peika på at det var svært viktig å sjå på kost-nytte verdien av ei slik investering, og samstundes sjå dette i samanheng med deltaking som eigar i Interkommunalt Arkiv Rogaland, jf. sak 17.

Dagleg leiar peika på at eit saks- og arkivsystem vil lette arbeide i sekretariatet, vere framtidsretta og gjere saksdokument lettare tilgjengeleg for politikarane. Styret bad dagleg leiar følgje opp denne saka vidare.

**Samrøystes vedtak 20.09.23 i tråd med innstillinga:**

*Statusoversikt pr. september 2023 blir tatt til orientering.*

**SAK 19/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER**

12. Stadfesting om godkjend årsrekneskap for rekneskapsåret 2022, frå Brønnøysundregistra
13. FKT – årsmøte 2023 - protokoll 31.05.23
14. Orientering om nye regler for interkommunale selskaper – endringer i IKS-loven, frå Kommunal- og distriktsdepartementet 07.09.23
15. Val av medlemmer og varamedlemmer til representantskapet – brev til eigarkommunane frå selskapet 22.08.23

**Styrehandsaming 20.09.23**

Dagleg leiar orienterte om referatsakene og svara på spørsmål. Styret hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak 20.09.23 i tråd med innstillinga:**

*Referatsakene 12 – 15 blir tatt til orientering.*

## **SAK 20/23 LØNNSFORHANDLINGAR 2023**

### **Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:**

Styret gjer styreleiar (og eit styremedlem) fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar gjeldande frå 01.05.23, i eige forhandlingsmøte.

### **Styrehandsaming 20.09.23**

Lønnskrafa (unntatt off. – OFL § 23.1) var blitt sendt til styremedlemmene i forkant. Dagleg leiar gjekk frå under handsaminga av saka.

Styret drøfta saka og gav styreleiar fullmakt til å forhandle om ny løn for dei tilsette. Ho tar kontakt med resten av styret ved behov.

### **Samrøystes vedtak 20.09.23:**

*Styret gjer styreleiar og eit styremedlem fullmakt til å forhandle om ny løn til rådgjevar og å fastsette ny løn for dagleg leiar gjeldande frå 01.05.23, i eige forhandlingsmøte.*

*Forhandlingane må vere avslutta innan oktober og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar, rådgjevar og dagleg leiar.*

## **YMSE**

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Neste styremøte: onsdag 06.12.23, kl. 16.00.

Møtet vil bli lagt til Haugesund. I etterkant av møtet vil styremedlemmer og tilsette bli invitert til julemiddag.

Aksdal, 20.09.23

Siv Bente Stople Østbø  
Styreleiar

Odd Gunnar Høie  
Dagleg leiar